

1.3.2 Polartorsk

Bestanden av polartorsk er truleg like stor som i perioden 2000 til 2002. Denne ressursen har ikkje vore utnytta av norske fiskarar sidan byrjinga av 80-åra, og ikkje i nemneverdig grad sidan byrjinga av 70-åra.

Harald Gjøsæter

harald.gjosæter@imr.no

Russiske fiskarar har fiska polartorsk meir eller mindre samanhengande sidan byrjinga av 70-åra, men utbyttet har variert mykje frå år til år (Tabell 1.3.2.1).


Bestanden har vore kartlagt ved hjelp av akustiske undersøkingar kvar haust sidan 1986 (Figur 1.3.2.1). Bestanden tok seg opp att etter å ha vore redusert i storleik i 1988–1990, til eit relativt stabilt nivå rundt 0,5 millionar tonn. Frå 1997 til 2001 har den berekna mengda polartorsk stege jamt frå omtrent 0,5 millionar tonn til nesten 1,9 millionar tonn. Målinga i 2002 er igjen lågare; 1,3 millionar tonn, men noko av nedgangen frå 2001 til 2002 kan skuldast at området vest av Svalbard, kor det vart funne over 200.000 tonn polartorsk i 2001, ikkje vart dekkja i 2002. I 2004 og 2005 vart det målt 1,1 og 1,8 millionar tonn. I 2003 vart det målt vesentleg

lågare mengder polartorsk; berre 280.000 tonn, men alt tyder på at dette var eit stort underestimat, slik ein hadde mistanke om allereie då målinga vart gjennomført.

Data frå dei årlege internasjonale 0-gruppeundersøkingane som no er del av eit økosystemtokt, viser at rekrutteringa har variert mykje. Den har jamt over vore god sidan tidleg i 1990-åra, med unntak av 1995 og 2001, då det vart ein drastisk reduksjon i mengda av yngel. Det synest også å ha vore ein liten nedgang i rekrutteringa i 2003 og 2005. Dekninga av polartorsk yngel er ikkje komplett under 0-gruppetokta, og variasjonen kan derfor også spegla variasjonar i utbreiing av yngelen. Den naturlege dødsraten i bestanden er svært høg, noko som truleg har samanheng med at polartorsk er eit viktig byttedyr både for sel og torsk.


Polar cod

Norway took some catches of polar cod in the 1970s and Russia has fished polar cod on a more or less regular basis since 1970. The catches since 1994 are shown in Table 1.3.2.1. The stock size has been measured acoustically since 1986 and the stock has fluctuated between 0.1–1.9 million tonnes. In 2005, the stock size was measured to about 1.8 million tonnes.



POLARTORSK *Boreogadus saida*

- ▶ **Gytemråde:** Truleg i to område av Barentshavet, søraust ved Novaja Semlja og nordvest ved Svalbard. Han gyt pelagiske egg, ofte under isen om vinteren eller tidleg på våren.
- ▶ **Oppvekstområde:** I dei delane av Barentshavet som ligg nord og aust for polarfronten.
- ▶ **Beiteområde:** I hovudsak nord og aust for polarfronten. Polartorsken er også utbreidd i andre arktiske strok.
- ▶ **Føde:** Arten held seg vanlegvis nær botnen, men føda er for det meste planktonorganismar som lever i dei opne vassmassane, t.d. raudåte, krill og amfipodar.
- ▶ **Predatorar:** Polartorsk er viktig føde for andre fiskeartar, som torsk, og for sjøpattedyr.
- ▶ **Maks storleik:** Vert sjeldan meir enn 20 cm lang.
- ▶ **Alder ved kjønnsmodning:** 2–4 år. Vert sjeldan eldre enn 5 år.
- ▶ **Særtrekk:** Ein rein arktisk art som kan leve i vatn ned til $-1,5^{\circ}\text{C}$, fordi han har molekyl i kroppsvæska som hindrar danning av iskrystallar.
- ▶ **Fiske:** Det har ikkje vore fiska på polartorsk i Noreg dei siste 20 åra.



Figur 1.3.2.1

Polartorsk. Bestandsestimat ved hjelp av akustikk 1986–2005.
Polar cod. Stock size estimates obtained by acoustics, 1986–2005.

Tabell 1.3.2.1

Polartorsk. Fangst (tusen tonn) i Barentshavet, 1995–2004.
Landings (thousand tonnes) of polar cod from the Barents Sea, 1995–2004.

	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Russland	20	30	11	1	20	35	41	38	39	0

Kilde: PINRO.

